

Bør idrettslaget selgja grusbana?

09.02.2009



Kva blir det til med grusbana og området opp mot Geilo? Det skal det nye styret i idrettslaget no freista å finna ut av. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Uskedal Idrettslag eig grusbana og området mellom denne og Geilo. Men bør denne eigedomen selgjast?**

Det nye styret i idrettslaget har no fått i oppdrag å finna svar på dette spørsmålet etter at nestleiar Bjørn Olav Tveit reiste saka på årsmøtet sundag kveld. Tidligare har eit mogeleg sal til kommunen vore lufta utan resultat..

Tveit var inne på at det nye styret burde få fullmakt til å gjennomføra salet., men presiserte at ein bør sjå på ulike løysingar. Tveit peika mellom anna på at det kan selgjast to tomter mellom bana og Geilo og trudde dette ville kunne gje ei inntekt på mellom 300.000 og 600.000. Det har også vore andre planar for dette området.

Nestleiaaren kunne også tenkja seg å sjå saka i samanheng med framtida både til Aktivitetshuset og laget. Leige for huset, der idrettslaget har største aksjeposten, vil bli ein stor utgiftspost for laget. Både huset og bana er til for å skapa mest mogeleg aktivitet i bygda, og dei to kan og bør sjåast i samanheng.

Ved sal av baneområdet til Aktivitetshuset kan leiga seinkast og ein kan betale ned på lånet på huset.

- Her er det mange måtar å tenkje på, sa Tveit, som også minna om at Aktivitetshuset treng parkeringsplass når det er store arrangement.

Avgåande leiar Michael Røssland trudde at ei omregulering vil vera problematisk og la vekt på at idrettslaget aldri får att området hvis det vel å selgja det. I alle fall må ei slik sak avgjerast på ekstraordinær generalforsamling, meinte han.

Røssland kalla det dramatisk å gje styret ei så vid fullmakt. Han sa også at hvis ikkje Aktivitetshuset klarar å stå på eigne bein vil ein operasjon med sal av grusbana berre utsetja problemet.

Hege Lekva tykte om tanken om å skaffe pengar til nedbetaling av lånet til Aktivitetshuset.

I diskusjonen vart også tankar om ei kunstgrasbane lufta... .

Det vart votert over saka i to omgongar.

Først forkasta årsmøtet med åtte mot seks røyster at det nye styret skulle få "full forvalningsfullmakt, herunder avhending av eigedom".

Deretter var alle einige om at det nye styret skal få i oppdrag å greie ut alternativ til forvalting av eigedom og leggja dette fram for årsmøtet.

Av Ola Matti Mathisen